

STUDENTARBEID

Studium: Global knowledge

Emnenamn: Global knowledge

Emnekode: GK 300

Vurdering: GK 300, prosjekt

(kode og type vurdering – mappe, heimeeksamen, prosjekt)

Kandidat: Lise Ingebrigtsen

Tittel: *Lever kvinner frå høgare sosiale lag i Zambia med meir moderne haldningar, enn kvinner frå lågare sosiale lag?*

Tal nummererte sider: 20



Samandrag

I denne oppgåva har eg skrive om kvinner sin posisjon i den zambiske familien. Ut i frå dette er mi problem stilling: *"Lever kvinner frå høgare sosiale lag i Zambia med meir moderne haldningar, enn kvinner frå lågare sosiale lag?"*.

Gjennom praksis opphalde mitt i Zambia, opplevde eg store skilnadar mellom rike og fattige. I samtalar med zambiske kvinner frå ulike samfunnslag, oppdaga eg forskjellige prioriteringar og haldningar. Eg brukte kvalitative intervju for å forske på desse skilnadane, og om kvinner var meir moderne i høgare sosiale lag. Eg har brukt teori og empiri som eg meiner er relevant for å belyse denne problemstillinga. Som resultat fann eg ut at kvinner i høgare sosiale lag i stor grad, lever med meir moderne haldningar enn kva kvinner i lågare sosiale lag gjer.

Summary

In this thesis, I have been writing about women's position in the Zambian family. Based on that, my research question is: "Does women from higher social classes in Zambia live by more modern attitudes, than what women from lower classes are doing?"

Through my internship in Zambia, I experienced great differences between the rich and the poor. In conversation with Zambian women from different social classes, I discovered varying priorities and attitudes. I used qualitative interviews to research these differences, and whether women were more modern in the higher social classes. As a result I found out that women in higher classes largely live by more modern attitudes, than what women in lower classes are doing.

Innholdsfortegnelse

1. 0 Innleiing	1
1. 1 Kvifor er Global knowledge relevant?	1
2. 0 Metode	2
2.1 Kvalitativ forskingsmetode	2
2.2 Datainnsamling.....	2
2.3 Haldning og forforståing.....	3
2.4 Presentasjon av informantar	3
2.5 Utdringar under intervjuet.	4
3.0 Teori.....	4
3.1 Tradisjonelle og moderne samfunn.....	4
3.1.1 Rasjonalitet.....	5
3.1.2 Modernitet	5
3.2 De undertryktes pedagogikk	5
3.3 Lagdeling.....	6
3.4 Familiestruktur	7
3.5 Roller og posisjon	7
3.6 Det zambiske samfunn	8
3.6.1 Familiestruktur i Zambia.....	8
3.6.2 Utdanning og kjønn – Kven vart prioritert?	8
3.6.3 Skilsmisse.....	9
4.0 Empiri	10
4.1 Utdanning og livsomstende.....	10
4.2 Familiesituasjon.....	11
4.3 Oppseding.....	12
5.0 Drøfting.....	13
5.1 Livsomstende og utdanning	14
5.2 Familiesituasjon og oppseding	16
6.0 Avslutning	18
7.0 Kjelder.....	19

1. 0 Innleiing

Denne oppgåva handlar om kvinners rolle i den zambiske familien. Eg set fokus på undertrykking, utdanning og autonomi, og søker svar på om situasjonen er annleis for kvinner i ulike sosiale lag. Ut i frå det har eg formulert mi problemstilling slik:

"Lever kvinner frå høgare sosiale lag i Zambia med meir moderne haldningar, enn kvinner frå lågare sosiale lag?"

I tillegg til dette, har eg også eitt forskingsspørsmålet som kan hjelpe å belyse problemstillinga på best mogleg måte:

"Påverkar utdanning kvinners posisjon i familien?"

Denne oppgåva består av fire delar. Først vil eg gå gjennom kva forskingsmetode eg har brukt, samt presentere informantane mine. Her vil eg også gjere greie for utfordringar eg hadde under datainnsamlinga. I teoridelen utdjuvar eg kva pensum eg meiner er relevant for mi problemstilling. Pensumet er anten relatert til Global Knowledge, eller frå tidlegare semester på sosial arbeid. I empirien viser eg til det data eg har samla inn gjennom intervju, og erfaringar eg gjorde under opphaldet mitt i Zambia. I drøftinga diskuterer eg teori og empiri med omsyn til problemstillinga mi. Her vil eg også bruke erfaringar eg gjorde i Zambia, som ikkje er nemnd tidlegare i oppgåva.

1. 1 Kvifor er Global knowledge relevant?

Global knowledge er relevant for meg som sosial arbeidar, då eg lærer mykje om korleis ein skal forstå andre kulturar. Noreg er eit multikulturelt samfunn, og som ferdig utdanna sosionom er det svært mange situasjonar ein kan komme i kontakt med menneske frå andre kulturar, både i jobbsamanheng og på fritida.

2.0 Metode

2.1 Kvalitativ forskingsmetode

Vilhelm Aubert definerer metode som *"en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap"* (sitert i Dalland, 2012, s.111). Eg har vald å bruke kvalitativ forskingsmetode. Det vil seie at eg vil samle inn data i form av lyd, bilete og tekst (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2011).

Intervju er den vanlegaste innsamlingsmetoden og Kvale og Brikmann (sitert i Johannessen et al., 2011) definerer det kvalitative forskingsintervjuet som ein samtale med preg av struktur og føremål. Eg skal ta i bruk semistrukturert intervju, som har ein overordna intervjuguide som mal, men spørsmåla, temaet og rekkjefølgjer kan endra seg (Johannessen et al., 2011).

Semistrukturert intervju, som Aksel Tjora (2011) også omtalar som dybdeintervju, har eit føremål å danne ein situasjon for å få ein mest mogleg fri samtale rundt eit bestemt tema, som forskaren på førehand har fastlagt. Det er viktig å danne ein avslappa stemning, og ein atmosfære som gjer at informaten kjenner seg tilfreds til å prata opent sjølv om vanskelege tema kan komme opp (Tjora, 2011). Det som kjenneteiknar kvalitativ forskingsmetode er at forskaren samlar inn mykje data frå eit avgrensa omfang informantar (Johannessen et al., 2011). Eg har vald dybdeintervju fordi eg vil forske på meiningar, haldningar og erfaringar til nokre frå zambiske kvinner angående deira familiesituasjonen (Tjora, 2011).

2.2 Datainnsamling

For mange er det å vere sikra anonymitet ei føresetnad for å vere med på ei undersøking. Eg vil derfor starte med å gi informantane praktiske opplysingar angående mi teieplikt og deira anonymitet (Dalland, 2012). Det er også viktig at informantane veit at dei har moglegheit til å avslutte intervjuet om dei ynskjer det (Dahl, 2013).

For å få ein størst mogleg forståing av familiesituasjonen i Zambia skal eg i tillegg til å intervju, observere kroppsspråket til informantane. Det kan vere stor skilnad på kva informaten seier, og kva ho eigentleg meine. Dette kan blir understreka gjennom gestikulering og mimikk (Dalland, 2012). Eg har vald mine informantar i forhold til problemstillinga. Av den grunn skal eg intervju tre zambiske kvinner frå ulike samfunnslag.

2.3 Haldning og forforståing

Den norske antropologen Arne Martin Klausen definerer kultur som *de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre- oftest noe forandret- til den neste generasjon* (sitert i Dahl, 2013). For å forstå ein ukjent kultur er det viktig å leve seg inn i omgivnadane, og forsøke å lære mest mogleg av dei normene som gjeld i samfunnet. Ein må vise empati og prøve å sjå på situasjonen slik den ser ut "innan i frå" (Dahl, 2013).

Når Dahl (2013) skriv om forforståing, siktar han til den forståinga ein har av seg sjølv, av andre og av ulike situasjonar, før ein får meir kunnskap og kan revurdere si tolking.

Eg har vore tre månadar i praksis i Zambia. Dette opphaldet har gitt meg ei forståing av kvinna sin posisjon i familien. Mitt inntrykk er at kvinner blir kraftig undertrykt, og at barn får for store oppgåve i forhold til alder.

2.4 Presentasjon av informantar

For å sikre anonymiteten til informantane mine, har eg teken i bruk fiktive namn. Den første kvinna eg har intervjuet vil eg omtale som Paula. Ho er 50 år, gift og har sju born, der berre ein går på skule. Familien overlever ved hjelp av å dyrke sin eigen mat. Huset hennar er laga av gjørme og har tak av gras. Det er ingen elektrisitet eller vatn innlagt, og ho har utekjøkken og utedo. Verken ho eller ektemannen har vore elev ved skule.

Den andre informanten min vil gå under namnet Helen. Ho er 47 år og rektor ved SOS. Barnehage. Ho er tidlegare gift, men skilde lag med mannen då ho synast alkoholmisbruket hans blei for stort. Mannen hennar døydde før skilmissa var ferdig behandla. Saman har dei tre barn, to jenter og ein gut. Ho bur i eit medium standard hus med kjøkken og toalett, straum og vatn. Helen har fullført høgare utdanning som førskulelærar.

Den tredje informanten min går under namnet Susan. Ho er 41 år, gift og har tre døtrer. Ho er sysselsette på sosial kontoret i Livingstone, og bur i ein leilegheit med høg standard saman med borna sine. Ektemannen arbeidar i ein by lengre nord i Zambia, men er heime ei helg i månaden. Familien har hushjelp.

2.5 utfordringar under intervjuet.

Den første informanten min var ei kvinne som ikkje kunne engelsk. Eg valde derfor å bruke tolk som omsetjar. Jareg og Pettersen (2006) definerer tolking som ei truverdig omsetjing av budskap mellom menneske, som ikkje har eit felles språk. I empirien har eg derfor ikkje teke i bruk direkte sitat frå denne informanten. Tolken eg brukte var ikkje tolk av profesjon, men ein kjenning av både informanten og meg. Dette hadde positiv innverknad på situasjonen, då det førte til at Paula følte seg tryggare. utfordringa ved å bruke tolk var manglande moglegheit til å forstå kroppsspråk, då eg ikkje visste korleis tolken formulerte spørsmåla mine.

Helen har tidlegare vore i Noreg i samband med Global Knowledge. Under intervjuet var dette ei utfordring, då ho kjenner min kultur, og det er ein moglegheit for at ho svarer ut i frå kva ho trur eg ynskjer å høyre.

3.0 Teori

Denne delen av oppgåva består av teori som eg meiner kan belyse problemstillinga på god måte. Eg har teke i bruk Inglehart og Baker (2012), Weber (1987), Giddens (2011) og Schiefloe (2011) til å vise relevante skilnadar i det tradisjonelle og det moderne samfunn. Gjennom Freire (2009) sitt verk "*de undertryktes pedagogikk*" har eg så lagt vekt på undertrykking, då dette er ein del av det tradisjonelle samfunn. Eg har også vald å definere uttrykk som roller, posisjon, familiestruktur og lagdeling.

3.1 Tradisjonelle og moderne samfunn

Når Inglehart og Baker (2012) skildrar det tradisjonelle samfunn, legg dei vekt på at mange førindustrielle samfunn har forskjellige tradisjonar og normer som er gjeldane. Likevel er det nokre kjenneteikn som ofte går att. Alle førindustrielle samfunn har blant anna låg toleranse for abort, skilsmisse og homoseksualitet. Dei pleier også ha preg av mannleg dominans både i familien, og i økonomisk og politisk samanheng. Kvinnas oppgåve er å føde born, medan mannen skal forsørgje familien. Det er også viktigare for menn, enn kvinner å ha utdanning. Dei viser ein heilt anna respekt for autoritetar og eldre enn kva ein gjer i moderne samfunn, og trua på ein religion står også sterkt. Ved oppseding er det til døme viktigare å lære borna om lydnad og religiøs tru, enn uavhengigheit og styrke, som ein ser på som viktige eigenskapar i eit moderne samfunn. (Inglehart og Baker, 2012).

3.1.1 Rasjonalitet

Max Weber var ein tysk sosiolog med doktorgrad i rettsvitskap, han undersøkte rasjonalitetens utvikling og institusjonalisering i forskjellige samfunn. Den tyske filosof-og sosiologen Jürgen Habermas definerer Weber si tolking av rasjonalitet som *"en disposisjon (hos talende og handlende individer) som uttrykker seg i former for atferd for hvilke det foreligger gode "begrunnelser"* (sitert i Lindbekk, 2001).

Ut i frå Weber (1987) blir dei psykiske behova i det tradisjonelle samfunn dekkja gjennom magi, stammar og ritual. I staden for orden i universet, består det tradisjonelle samfunn av eit bredt spekter av religion og tru. Menneske i moderne samfunn har betre evne til å tenkje gjennom konsekvensar av eiga handling, enn kva menneske i primitive samfunn har. Det å ikkje tenkje over desse konsekvensane er ei form for blind forplikting, som Weber (1987) definerer som *"fundamentalist conviction"*.

3.1.2 Modernitet

Anthony Giddens, forfattar av modernitet og sjølvidentitet (2011), definerer modernitet som *"De institusjoner og adfærdsformer, der i første omgang blev etablert det post- feudale Europa, men som i løbet af det 20. Århundrede er blevet stadig mer verdshistoriske i deres betydning"*. Vidare hevdar han at modernitet kan ha same tyding som industrialisering, som inneheld utvikling av materielle energikjelder og maskineri.

I moderne samfunn er skilsmisse svært vanleg. Det er også vanleg at både kvinner og menn har vore gift fleire gongar, og mange lever i stefamiliar. Tidlegare var årsaka til dette gjerne dødsfall, i dag er det akseptert at folk som er skild giftar seg att av eige ynskje (Giddens, 2011). I moderne samfunn står idealet om likestilling blant kjønna sterkt, og det blir lagt lite vekt på kjønnskilnadar både i familie og skulesamanhengar. Likevel visar statistiske oversyn at det framleis er skilnadar mellom kvinner og menn. Dette visar seg merkbart i rekruttering til leiande stillingar og val av yrke, sjølv om avviket vil bli mindre etter kvart (Schieffloe, 2011).

3.2 De undertryktes pedagogikk

Paulo Freire var ein brasiliansk pedagog fødd i byrjinga av 1900-talet. I *"De undertryktes pedagogikk"* tar han føre seg kvifor ein blir undertrykt og korleis ein kan komme seg ut av det. Det som kjenneteiknar den undertrykte er deira underkasting av ein herskar. Ut i frå dette tydar

solidaritet det å kjempe ved deira side for å endre den objektive verkelegdommen.

Undertrykkaren viser solidaritet med den undertrykte berre når han ikkje ser på dei som abstrakte einingar, men heller som personar ein har behandla urettferdig (Freire, 2009).

Dei undertrykte si frykt for fridom, får dei til å idealisera undertrykkaren og hans forordningar. Fridommen vil krevje at dei bannlyser denne oppfatninga og erstattar det med sjølvstende og ansvar. Dei undertrykte føretrekker tryggleik i sin ufrie situasjon framføre å forsøke å oppnå fridom, då ein kamp kan føre til enda sterkare undertrykking. For at den undertrykte skal frigjere seg sjølv, må vedkommande vere bevisst på undertrykkinga. Ein må ikkje tru at frigjeringa er ei gåve, men at det er noko ein må arbeide for. Vedkommande skal ikkje missunne posisjonen til undertrykkaren, tvert imot skal ein dømmе undertrykking og undertrykkaren sin posisjon (Freire, 2009).

"Det er bare ved å risikere livet at man kan oppnå frihet: ... et individ som ikke har satset sitt liv kan uten tvil anerkjennes som person; men det har ikke nådd sannheten om denne anerkjennelsen i uavhengig bevissthet om seg selv" – Hegel (sitert i Freire, 2009).

3.3 Lagdeling

Omgrepet sosial lagdeling blir brukt når ein skal forklare ulikskapen i eit samfunn. Schiefloe (2011) definerer lagdeling som *"et institusjonalisert fordelingssystem som skaper og opprettholder systematisk sosial ulikhet"*. Lagdeling er eit fordelingsssystem der menneska blir rangert og plassert i eit hierarki, ut i frå kor mange knappe og ettertrakta godar dei disponerer. Max Weber meinte at i alle samfunn stod tre dimensjonar sentralt; klasse, status og makt, og eit individ si plassering i hierarkiet er eit resultat av desse faktorane (Schiefloe, 2011). Når Weber skriv om sosial klasse refererer han til dei som har relativ lik økonomisk og marknadsmessig posisjon. I denne oppgåva skil eg mellom arbeidarklassen, middelklassen og overklassen. Eit individ sin økonomiske situasjon kan endrast gjennom livsløpet, dette definerer Weber som intragenerasjonsmobilitet (Schiefloe, 2011). I tradisjonelle samfunn handlar sosial status om prestisje, respekt, beundring, ære og privileger som ein blir tildelt av andre samfunnsmedlemmer. Det er viktig kven ein er, kvar ein kjem frå og kven ein omgåast med. For å oppretthalde sin status blir det også viktig å velje partner etter sin eigen stand. Makt handlar om den moglegheita ein har til å bestemme over sitt eige liv, dette kan definerast som autonomi. Personar som har mykje makt har større moglegheit til å avgjere korleis dei vil disponere tida si, medan dei som har mindre makt er meir avhengige av andre sine slutningar. Maktskilnad kjem

til uttrykk i interaksjon, ved at individ med lite autonomi blir ignorert, audmjuka eller ikkje teken på alvor. I sosiale samanhengar er det ofte dei med mest makt som er mest aktive og dominante i samtalar. Makt kan også vise seg i språket. Dette oppstår ved at dei med mindre makt vender seg til dei med meir makt på ein måte som avspeglar deira autonomi. Dette kan vere gjennom formelle titlar og etternamn (Schiefløe, 2011).

3.4 Familiestruktur

Salvador Minuchin definerer familiestruktur som "*... de usynlige oppsatte funksjonelle krav som styrer den måten medlemmene interagerer på*" (sitert i Jensen, 2009). Med dette sikter han til korleis familiemedlemmane har organisert seg med omsyn til kvarandre. Minuchin si største inspirasjonskjelde er systemteori, og han ser på familien som eit system som alltid er i endring. Eit sentralt omgrep i Minuchin sin systemteori er grenser, som han definerer som dynamiske. Det vil seie at grensene fangar opp samspelet mellom medlemmene i systemet. Han skil mellom tydelege, rigide og uklare grenser, som markerer skilje mellom dei ulike familiemedlemene. Klare grenser vil seie at rollene er klart definert, samstundes som medlemmene har fleksibilitet til å utvikle seg. Uklare grenser skaper lett rolleforvirring, og ved ekstreme tilfelle vil heile systemet gå i oppløysing. Rigide grenser vil seie at rollene er definert i den grad, at det er liten moglegheit til fleksibilitet og utvikling (Jensen, 2009).

3.5 Roller og posisjon

Ein posisjon er den plasseringa ein har i den sosiale strukturen, og ein kan skilje mellom spesiell og generell posisjon. Ein spesiell posisjon er avgjort ut i frå eit fastsett og avgrensa sosialt system, dette kan vere ein organisasjon eller ein familie. Ein generell posisjon er den plasseringa ein har ut i frå samfunnet sin sosiale struktur, dette kan vere med omsyn til kjønn eller økonomisk status. Med ein posisjon kjem det med eit sett stabile forventningar til åtferd og haldningar, desse forventingane utgjer ei sosiale rolle. Ei rolle kan variere ut i frå kvar dominerande og regulerande åtferdsforventingane er (Schiefløe, 2011). Kjønnroller er ein avgjerande del av den samfunnsmessige konstruksjonen av kjønn, og rolla som kvinne og mann kjem med ulike forventningar. Dette er fordi dei blir sett på som ulike når det gjeld viktige ferdigheiter og eigenskapar. Typisk blir kvinna sett på som emosjonell, omsorgsorientert, lite ambisiøs og passiv. Dette står i kontrast til mannen som blir oppfatta som rasjonell, aggressiv, instrumentell og pågåande. Dei ulike kjønnrollene påverkar sosialiseringprosessen ved at jenter og gutar blir behandla ulikt, og blir møtt av ulike forventningar. Dette gjer at dei også utviklar seg til å bli forskjellige (Schiefløe, 2011).

3.6 Det zambiske samfunn

Zambia blei uavhengig frå Storbritannia i 1964, etter nesten hundre år under kolonisering. I dag er Zambia eit svært fattig land, som får mesteparten av inntekta si gjennom sal av koppar (Taylor, 2006). Zambia blir sett på som eit land under utvikling og i følgje Inglehart og Baker (2012) vil denne utviklinga resultere i endringar på både politisk, kulturelt og økonomisk plan. Industrialiseringa vil føre med seg auka utdannings- og inntektsnivå, endringar i kjønnsroller, seksualitet og haldning til autoritetar, samt lågare fertilitetstal.

3.6.1 Familiestruktur i Zambia

I Zambia er kjernefamilien eit framand konsept, og det er den utvida familien som er gjeldande. Det stort fokus på ekteskap, og menn og kvinner sine roller i familien er svært ulike. I urbane område har kvinner oppgåver som omhandlar reingjering og matlaging, og i meir rurale område har dei i tillegg ansvaret for å oppsede barn, hente ved og dyrke grønsaker (Taylor, 2006). Menn har ofte færre arbeidsoppgåver enn kvinner, dette gjeld både i dei rurale og urbane områda. Rikare familiar, busetje i meir urbane områder har ofte hushjelp, som har ansvaret for husarbeidet. Fattigare familiar har relativt like oppgåver uavhengig av bustad, skilnaden er at dei som er busetje i byane kan ha større sjanse til å få arbeid (Taylor, 2006).

Zambia opererer etter gerontokratisk styringsform, som går ut på at alder skal vere respektert. Eldre kvinner skal alltid krevje respekt av yngre. I slike situasjonar skal vedkommande (anten det er jente eller gut) bøye seg, og i nokre tilfelle knele. Ut i frå den gerontokratiske styringsforma betyr ikkje dette at eldre kvinner forbehtar posisjonen deira totalt i kjønnshierarkiet, som framleis er mannsdominerande (Taylor, 2006). Dette omtalar Schiefloe (2011) som ei patriarkalsk ordning. Det vil seie at samfunnet er innretta på ein måte at menn har mest makt og høgast status.

3.6.2 Utdanning og kjønn – Kven vart prioritert?

Eloundou-Enyegue og Calvès (2006) har skrivne ein artikkel om ei undersøking dei har gjort, angående foreldre sitt val ved prioritering av utdanning til borna. Dei har teke i bruk data frå fleire land i Afrika, inkludert Zambia. I tillegg har dei samanlikna kapasiteten gifte kvinner og menn har til å hjelpe slektningar økonomisk. For å måle denne kapasiteten har dei teke omsyn til to område; oppseding av barn og kvinners kontroll over eiga inntekt.

I følge John Caldwell (sitert i Eloundou-Enyegue og Calvès, 2006) er utdanning ein strategi for foreldre å sikre seg økonomisk hjelp frå borna. Ut i frå dette, kan ein forklare kvifor foreldre vel å utdanne gutar i staden for jenter, i samfunn der det er forventat at gutar har betre inntekt. På den andre sida kan det lønne seg å utdanne jenter, då dei er meir lojale til foreldra. Det å utdanne jenter framføre gutar kan også føre til sosioøkonomisk endring ved at kvinner med utdanning krevjar større lønn, giftar seg med rikare menn, og har meir å seie i avgjerder i heimen. Dette vil også gjere det lettare for kvinner å ha innverknad på remitting til foreldra. Ulempa ved å prioritere utdanning til kvinner over menn kan vere uplanlagd graviditet. Kor stor grad det er mest praktisk å gje ei kvinne utdanning i forhold til ein mann, kan variere med omsyn til politikk. Likevel er det mykje som sikter til at ei kvinne si utdanning kan forsterke påverknaden ho har i ekteskapet og i hushaldet (Eloundou-Enyegue og Calvès, 2006). I kontrast til dette meiner Taylor (2006) at foreldre prioriterer å betale utdanninga til gutar, fordi jenter ofte blir gifta vekk først.

Eloundou-Enyegue og Calvès (2006) forska også kven si side av familien kona og mannen var mest knyta til. Undersøkinga viser at 38.5% hadde mest kontakt med familien til mannen, medan 57.4% hadde mest kontakt med kvinna si side av familien.

3.6.3 Skilsmisse

I dag er skilsmisse vanleg i Zambia, og blir derfor ikkje sett på som ei umoralsk handling. Årsak til skilnad kan vere varierende og ynskje kan kome frå både kona og mannen. Ei av dei vanlegaste grunngevingane for skilsmisse er problem med reproduksjon og fertilitet. Menn vil ofte skilje seg frå kona dersom dei ikkje har produsert barn. Dette er fordi i tradisjonelle, men også i moderne ekteskap, kan problem med reproduksjon føre til sosialkulturell, samfunns- og personleg stress. I mange settingar blir kvinna sett på som ansvarleg for dette problemet, uavhengig av kven som ikkje er fruktbar. Dette er også ein indikator på at kvinner har lågare status enn menn i det Zambiske samfunn (Taylor, 2006). Utruska kan også vere ei årsak til skilsmisse. Sjølv om det er vanleg at gifte menn er illojale i Zambia, er det varierende om kvinner aksepterer det eller ei.

Andre grunngevingar for skilnad kan vere mishandling. Dette er nokså vanleg, og det er høg sosial og juridisk toleranse for slik åtferd, særleg i rurale områder. Brot på ekteskap kan også oppstå dersom ei kvinne nektar å ha samleie med mannen, førebu mat eller andre oppgåver som blir oppfatta som "kvinnelege plikter". Ved ei skilsmisse er det ikkje uvanleg at kvinner mistar

eigedom, samt sosial status. Dei er også meir disponibel til å bli stigmatisert, enn kva mannen er (Taylor, 2006).

4.0 Empiri

Empiri tydar kunnskap som er bygd på erfaring. Når ein stiller empiriske spørsmål, stiller ein spørsmål om korleis noko er i røyndomen (Dalland, 2012).

4.1 Utdanning og livsomstende

Helen har fullført primary og secondary school, samt høgare utdanning som førskule lærar. Utdanninga hennar tok ho då ho bestemte seg for å gå i frå mannen. Den blei delvis finansiert av han sjølv og av systema hennar, som ho budde hos på det tidspunktet. Før ho fekk ei utdanning arbeida ho som sekretær, medan mannen var utdanna elektrikar. Før han døyde brukte han opp alle pengane på alkohol og hadde derfor ingen sparepengar. Dette gjorde at Helen verken arva noko då han gjekk bort, eller hadde vunne noko i ein eventuell skilnad om han hadde levd. Gjennom erfaring frå praksis, fortalde ein kollega av meg at skilsmisse ikkje var vanleg i Zambia. Årsaka til det, var anten at kvinna var avhengig av mannen økonomisk, eller at ho ikkje ynskja å miste den respekten ein får av å vere gift.

Susan har fullført høgare utdanning som sekretær. Dette gjorde ho før ho blei gift, og det var foreldra som finansierte utdanninga hennar. Familien hadde ikkje mykje, men dei klarte å gje Susan ei utdanning ved å selje grønsaker og ved.

Mannen hennar har utdanning innan forsikring, og er sysselsette i Zambia State insuranse. Denne utdanninga fekk han før han blei gift. Under praksisopphaldet mitt, var eg vitne til då Susan fekk levert gåver på døra i arbeidstida. Det var valentinsdag og ektemannen hadde sendt ho ei stor bukett med roser, sko, vin, parfyme og mykje anna.

Ektemannen til Paula er, i likskap med ho, også arbeidsledig og bonde.

Eg spurte informantane mine om dei budde nærmast deira eller mannen deira sin familie. Paula svarte at hennar familie budde langt vekk, og dei har ikkje kontakt. Dei var svært lite hjelpsame og brydde seg berre om kjernefamilien. Men familien til mannen budde dei saman med, dei var også bønder. Ho la så til at når ein giftar seg i Zambia, tek ein del i mannen sin familie.

Helen svarte at dei berre bur nær broren hennar, og då ho var gift budde dei nær nokre av slekta til mannen. Ho legg til at kjernefamilie blir meir og meir vanleg i dei urbane område i Zambia. I dei rurale område dominerer den utvida familien framleis.

Susan fortalde at då ho gifta seg, danna ho sin eigen familie. Ho bur ikkje nær foreldra, men ho besøker dei i blant. Familien til mannen bur i Lusaka, men dei har mykje kontakt. Både Susan og mannen har hjelpt foreldra sine økonomisk.

4.2 Familiesituasjon

Helen fortalde at då ho var gift hadde ektemannen høgast inntekt. Ho la så til at han kontrollerte hennar løning, ved forventningar han hadde til korleis ho skulle bruke dei. Dersom ho ynskja å kjøpe noko utanom mat, måtte ho få tillating av han. Susan sa ho verken betalte husleige eller mat, og at pengane ho tente kontrollerte ho på eige hand. Noko av inntekta gjekk til sparing, medan resten gjekk til klede til ho sjølv og barna.

På spørsmålet som omhandla respekt, fortalde Helen at ho fekk ein del anerkjenning pga. stillinga si. Likevel var det nokre eldre menn som ikkje godtok ho som rektor, fordi ho var kvinne. Her svarte Susan at ho alltid hadde fått respekt, og at folk ser opp til ho fordi ho har utdanning. Ho får anerkjenning både av mannen og i sosiale situasjonar. Ho la også til at om ho hadde vore utan utdanna, ville ho ikkje blitt respektert.

”If a man doesn’t hit his woman, he doesn’t love her” er eit kjent utsegn i Zambia. Då eg bad mine informantar kommentere dette, var svara eg fekk nokså einsformige. Alle kvinnene var einige at eit ekteskap handla om å elske og bry seg om kvarandre. Susan og Helen nemnde også at det er mannen sitt ansvar å forsørge familien.

Då eg arbeida på sosial kontoret hadde eg og Susan ein samtale om vald i ekteskapet, og ho var svært interessert i korleis det var i Noreg. Då eg svarte på dette, responderte ho ved å seie: *”In Zambia, the men can cut you in your face and rip off your ears and nose”*.

4.3 Oppseding

Då eg spurte informantane mine kva som var viktig for dei i oppseding av barn, svarte dei mykje det same. Paula sa ho ynskte at barna hennar skulle få ei utdanning slik at dei kunne ta vare på kvarandre når ho døydde. For sønene hennar ynskte ho yrke som doktor, lærar eller soldat. Ho hadde ingen ambisjonar om at døtrene hennar skulle gifte seg, det var heller viktigare at dei var hardtarbeidande, slik at dei kunne fø seg sjølv når dei blei eldre.

Helen svarte at det var viktig for ho, at barna hadde god helse og at dei fysiologiske behova var dekkja. Det var også sentralt å lære dei moral, med det meinte ho skikkar som er akseptert i samfunnet. Desse handla om korleis dei skal vise respekt for eldre og besøkande. Når det gjaldt utdanning meinte Helen at ungane måtte velje retning sjølv. Når sonen veks opp er det viktig for ho at han er ansvarleg som person, slik at han kan sjå etter familien.

For Susan var det viktigast at borna lærte seg å respektere andre, hovudsakleg foreldra og andre eldre. Etter det, var det viktig at dei skulle få ei utdanning, slik at dei ikkje var avhengig av nokon. Kva retning dei ville utdanne seg i, var det opp til dei sjølv å velje, bare det var på universitetsnivå. Ho synast utdanning er viktigare enn ekteskap fordi det kan ingen ta i frå deg, medan eit ekteskap kan ta slutt.

På spørsmålet om kva kjønn dei ville prioritert å gje ei utdanning til, svarte Paula at ho ville gitt det ei av døtrene sine. Dette grunn gav ho med at det var størst sannsyn for at ei av døtrene, ville brukt ressursane på å hjelpe familien i ettertid. Ho meinte det var større sjanse for at sonene ville ha brukt utdanninga til å skaffe seg ei kone, og på å hjelpe hennar familie i staden.

Dette eksemplifiserte ho ved å fortelje ein historie om kusina hennar som gav sonen sin doktorutdanning. Familien hans var fattig, og då han var ferdig utdanna kom han ikkje tilbake for å hjelpe dei. I staden bygde han hus til svigerfamilien. Ho refererte også til hennar eigen familiesituasjon då ho var yngre, der ho var den einaste jenta av ti born. Då mora blei gamal og trengte hjelp, var ho den einaste som var heime og såg etter ho, medan dei andre ikkje brydde seg.

På dette spørsmålet svarte Helen at ho ikkje kunne velje berre ein av dei. Då synast ho det er betre at ingen får. Vidare legg ho til:

"Boys suffer more with no education, than what girls do. This is because girls can sell stuff and food at the market, and people are more willing to help girls instead of boys. If they are lucky, they may even fall in love with a rich man".

Då eg spurte om ho ut i frå dette ville velje å gje sonen sin utdanning, var svaret framleis nei. Vidare legg ho til at kvinner med høgare utdanning krevjar meir respekt, som gjer det lettare å komme ut av ekteskap som til døme inneheld misbruk.

Dette spørsmålet var vanskeleg å stille Susan, då ho berre har døtrer. Eg bad ho derfor å førestille seg at ho hadde ein son i tillegg. Likevel svarte ho at ho ville utdanna ei jente, fordi dei er meir sårbare enn gutar. Jenter har større utfordringar ved at det tidlegare var stort fokus på ekteskap i ung alder, og lite på utdanning. I dag er det større fokus på utdanning blant jenter, og staten prøver å innføre størst mogleg likestilling blant kjønna. Gjennom erfaring frå praksis har eg også fått høyra at menn kan kjenne seg truga, dersom kvinner har utdanning. Han ser det derfor naudsynt å markere at han er "sjefen i huset", dette kan gjerast gjennom valdsbruk.

På spørsmålet "*What kind of chores do you give your children?*", svarte Paula at sonene henta vatn og ploga jorde, medan døtrene hjelpte ho med matlaginga og reingjering av klede og hus. Helen svarte at sonen fekk oppgåver i huset som å lage mat og vaske, men han fekk også oppgåver som å vatne hagen. Ho gav døtrene meir husarbeid enn sonen, men hadde sei same forventningane til alle, sjølv om dei var høgare til døtrene. Susan svarte at ho gav døtrene oppgåver som å vaske hus, lage mat, og stryke klede.

Avsluttande, spurte eg korleis dei tre kvinnene hadde blitt oppseda av deira foreldre. Paula fortalde at ho kom frå fattige kår, og foreldra hennar døydde då ho var ung. Ho vaks opp i ulike fosterheim. Helen vaks opp saman med foreldra og åtte sysken. Familien hørde til middelklassen, og gjennom oppveksten var det stort fokus på utdanning. Ho var den femtefødde, og den yngste jenta. Dette gjorde at ho blei bortskjemt, og dei eldre systrene tok seg av mesteparten av husarbeidet. Den eine broren hennar likte ikkje å gå i kyrkja, derfor fekk han ansvaret for å vaske og å lage mat på sundagar.

Susan vaks opp i landsbyen hos foreldra saman med to sysken. Kåra var dårlege, det var ingen straum, og kjøkkenet og toalettet var ute. Ho var hardtarbeidande som barn og hjelpte foreldra mykje. Dei lærte ho dei verdiane ho har angående utdanning og respekt, som ho no har vidareført til sine eigne barn.

5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva skal eg sjå på teorien med omsyn til empirien, samt diskutere samanhengen mellom desse i forhold til problemstillinga. Ut i frå korleis Inglehart og Baker (2012) og Weber (Lindbekk, 2001) definerer det tradisjonelle samfunn, og korleis Giddens

(2011) og Schiefloe (2011) gjer greie for det moderne samfunn, er mi forståing at Zambia er eit tradisjonelt samfunn.

5.1 Livsomstende og utdanning

Med omsyn til kva Schiefloe (2011) seier om lagdeling, er det mykje som tydar på at Paula tilhøyrar arbeidarklassen, Helen middelklassen og Susan overklassen. Dette kan blant anna grunnjevast gjennom korleis dei bur, kvar dei arbeidar, kven dei er gift med og korleis dei kler seg. Sosial makt er også ein sentral faktor når ein skal beskrive skilnadar i dei sosiale laga. Ved at Paula ikkje er engelsktalande, blir det bekrefta at makt også visar seg i språket (Schiefloe, 2011). Årsaka til manglande språkkunnskapar, kan vere eit resultat av fråverande skulegong. Dermed kan ein også sjå at makt synar seg i utdanning. Helen har ei høgare yrkesstilling enn kva Susan har. Tross dette, høyrar Susan til overklassen og Helen middelklassen. Dette visar at kven ein er gift med, er avgjerande for kva sosialt lag ein høyrar til i.

Ut i frå den kjennskapen eg har om Susan sin barndom, samt hennar noverande livsomstende, er det å forstå at ho har gått frå arbeidarklassen til overklassen. Denne overgangen definerer Weber som intragenerasjonsmobilitet (Schiefloe, 2011). Mykje tyder på at dette skiftet skjedde i to prosessar. For det første, arbeida ho hardt som born, og klarte å få seg ei utdanning. Dette gjorde at ho tente sine eigen pengar, og hadde fridom til å bestemme over seg sjølv. For det andre, fann ho seg ein rik mann, som har høg status i samfunnet. Det at ho har utdanning gjer at ho får meir respekt frå andre, enn kva ho elles ville fått. Ho fastslår Eloundou-Enyegue og Calvés (2006) sitt funn, då utdanninga også gir ho store fordelar i ekteskapet, ved at ho sjølv avgjer korleis ho skal bruke pengane sine. Dette gjer ho meir sjølvstendig og minskar skilje mellom kjønna, som er eit kjenneteikn for det moderne samfunn (Schiefloe, 2011). Tradisjonelle samfunn er typisk mannsdominert både i familien, og på politisk-og økonomisk plan (Inglehart og Baker, 2012). I Zambia er det menn som har høgast inntekt, og som ein del av det tradisjonelle samfunn, har ikkje kvinner alltid hatt moglegheit til å utdanne seg. Av den grunn ser eg også på kvinner med utdanning, som eit teikn på modernitet. Det at både Helen og Susan har utdanning kan vere ein indikator på at samfunnet i Zambia er under utvikling, og at kvinner i høgare sosiale lag faktisk lever etter meir moderne haldningar.

Gjennom erfaring frå praksisopphaldet mitt i Zambia, fekk eg kunnskap om korleis arbeidssituasjonen til zambiarar er. Det er ikkje slik at ein søker arbeid gjennom annonsar, slik det er i Noreg. Ein blir tildelt stillingar, og ettersom arbeidsledigheten er høg i Zambia er det få

som har fridom til å velje arbeidsstad (Taylor, 2006). Dette er ofte ein medverkande faktor til kvar familiar busetje seg.

Susan sin ektemann bur og arbeidar i ein by lengre nord i Zambia. Dei har eit avstandsforhold, og Susan er dermed den som har ansvaret for heim og barn. Dette er eit eksempel på at utdanning kan påverke kvinna sin posisjon i ekteskapet. Dersom Susan ikkje hadde vore arbeidsaktiv, kan det tenkjast at familien hadde flytta saman med mannen der han arbeida. I deira situasjon kan ein sjå at det er mannen som må tilpasse seg, ved at han pendlar att og fram. Dette skapar likestilling mellom kjønna. Dersom dei hadde høyrte til eit lågare samfunnslag, med meir tradisjonelle haldningar, kan det så tenkjast at det hadde vore mindre toleranse for Susan sitt krav på respekt og dominans.

Om ein ser på Helen sitt tidlegare ekteskap, kan ein sjå at omstenda var svært annleis. Helen var arbeidsaktiv, men ho hadde ikkje utdanning. Ho tente egne pengar, dog det var mannen som kontrollerte korleis ho skulle bruke dei. Det er vanskeleg å seie om situasjonen hadde vore annleis om Helen hadde hatt utdanning. Gjennom erfaring frå praksis, har eg fått inntrykk av at menn kan bruke vald for å markere si rolle i ekteskapet. Det at eks-mannen var med å betale for utdanninga hennar, visar at han ikkje føler seg truga av ho, men at han aksepterer kvinna sin aukande posisjon i samfunnet. I moderne samfunn står likestilling sterkt (Schieffloe, 2011). Dersom gifte kvinner i høgare sosiale lag, lever med meir moderne verdiar, enn kvinner i lågare sosiale lag, dreier dette også seg om mannen sine haldningar. Etter mi vurdering kan kva samfunnslag ein høyrer til, påverke kva handlingar ein har til likestilling.

Tross mangel på utdanning, hadde Helen moglegheit til å søkje om skilsmisse. Eg tolkar at denne prosessen kunne vore enklare dersom ho hadde hatt utdanning, men også vanskelegare om ho ikkje var yrkesaktiv. Ved at ho hadde betalt arbeid, var ho ikkje avhengig av mannen økonomisk i avgjerande grad. Taylor (2006) skriv at skilsmisse er vanleg i Zambia, men gjennom erfaring frå praksis har eg fått høyre det motsette. Kva tankar ein har om skilsmisse, kan også vere prega av kva samfunnslag kjem frå. I moderne samfunn er skilsmisse vanleg og akseptert (Schieffloe, 2011). Då eg arbeida på sosial kontoret var det ei kvinne frå overklassen, som fortalde at skilsmisse var uvanleg, og ikkje akseptert i samfunnet i Zambia. Dette avkreftar mi problemstilling, om at kvinner i høgare sosiale lag lever med meir moderne verdiar, enn kvinner frå lågare sosiale lag.

5.2 Familiesituasjon og oppseding

I følgje mine informantar, er det mannen som skal forsørge familien. Dersom ein koplår Minuchin (2009) sin systemteori, saman med korleis Taylor (2006) skildrar den zambisk familien, vel eg å beskrive grensene mellom familiemedlemene som rigide. Dette kan eksemplifiserast gjennom Helen sitt tidlegare ekteskap, der ho ikkje hadde styring over eiga inntekt, og det var mannen som tok avgjerdene.

Om ein ser på ekteskapet til Susan, kan ein tolke det på ein heilt annleis måte. Framleis er det mannen som betalar mat og leige, skilnaden er at ho sjølv har kontroll over eiga inntekt. Mi vurdering er at, i Susan sin familie er medlemene skilt av meir klare grenser. Minuchin (2009) skriv at klare grenser er idealet, og avgjerande dersom familien skal fungere bra. Taylor (2006) skildrar rollene til kvinner og menn i Zambia, som svært tradisjonelle. Kvinna skal lage mat og mannen skal forsørge familien. Ut i frå dette, ser det ut som rigide grenser er meir vanleg i tradisjonelle samfunn, medan klare grenser er vanlegast i moderne samfunn.

Helen og Susan sikta til at kjernefamilien bare blir meir og meir vanleg i urbane strøk, og den utvida familien var mest dominerande i rurale områder. Dette står i kontrast til kva Taylor (2006) skriv om kjernefamilien. Boka *Culture and customs of Zambia* blei publisert i 2006 (Taylor). Det er vanskeleg å seie om det er globaliseringa som har ført med seg dette viket, eller om det kjem av manglande moglegheit til å generalisere samfunna i Zambia. Zambia er eit land under utvikling. Økonomien er dårleg, og det set grenser for kva som er mogleg (Taylor, 2006). Dette var mine informantar klar over, sjølv om dei hadde totalt ulike livsomstende.

Dei tre kvinnene har nokså likt syn på kva som viktig under oppseding av barn. I det tradisjonelle samfunnet er det stort fokus på ekteskap, men dei tre kvinnene var einige om at utdanning var viktigare enn dette (Taylor, 2006). To av tre informantar ville prioritert å gje jenter i staden for gutar utdanning, medan den siste nekta å velje eit kjønn framføre det andre. Dette står i kontrast til Taylor (2006), som meiner det er mest vanleg for zambiske å prioritere gutar si utdanning. I likskap med Paula og Susan meiner Eloundou- Enyegue og Calvés (2006) at det er vanleg for foreldre å prioritere døtrer framføre sonar. Skilnaden er at dei skriv om utdanning som eit sikringsnett for foreldra, medan mine informantar meinte at kvinner må arbeide for likestilling, og for å vere uavhengig. Det at Helen ikkje ynskja å velje eit kjønn framføre det andre, bekreftar det Weber (1987) skriv om menneske si evne til å tenkje over konsekvensar av eiga åtfærd. Det at ho ikkje vil skilje mellom barna sine, kan i utgangspunktet verke som ein moderne tanke, men det er stor skilnad på tradisjonell og vestleg kultur. Det å vere utan utdanning i Zambia, er nok heilt annleis i enn kva det til døme er i Noreg.

Freire (2009) skriv om undertrykking og korleis ein kan frigjere seg sjølv. Som eit tradisjonelt samfunn, er Zambia mannsdominert (Inglehart og Baker, 2012). Dette definerer Schiefloe (2011) som ei patriarkalsk ordning. Paula lever under svært fattige kår, og har etter mi betraktning, lågare ambisjonar om å komme seg ut av undertrykkinga enn kva Helen og Susan har. Hennar tilvære er prega av overlevingsfaktoren, og etter mi vurdering står idéen om å frigjere seg frå kvinneundertrykkinga sterkt hos Helen og Susan. Eg forstår det slik at ein har mindre fridom når ein lever under ekstrem fattigdom. Ein må bruke energien, og dei få ressursane ein har til å overleve. Grunna manglande skulegong har nok Paula mindre kunnskap om andre kulturar, enn kva Helen og Susan har. Det er derfor logisk at kvinner i arbeidarklassen, ikkje har same moglegheita til å leve etter moderne verdiar, slik kvinner frå høgare sosiale lag kan.

Taylor (2006) skriv at forventningane til dei ulike rollene i Zambia kan variere, ut i frå om du er frå urbane eller rurale områder. I landsbyen har kvinner ansvaret for vasking av hus og klede, lage mat, oppseding av barn, hente ved og dyrke mat. Dette bekreftar Paula, og legg også til at sonene tok seg av det praktiske arbeidet, som å hente vant og ploga jordet. Menn har også ofte færre arbeids oppgåver enn kva kvinner har (Taylor, 2006). Eg forstår det slik at ei kvinne utan arbeid, er mindre dominant i ekteskapet, og har mindre påverknad når det gjeld oppseding av barn. Helen har like forventningar til både sonen og døtrene sine. Dersom ho ikkje hadde vore enke, og hadde hatt ansvaret for oppsedinga aleine, kunne situasjonen vore annleis. Helen har vore i Noreg, og har godt kjennskap til både kulturen, og kor viktig likestilling er i moderne samfunn.

Etter mi vurdering har Helen betre sjanse til å leve med moderne haldningar som enke, enn det ho hadde hatt om ho framleis var gift. Dette er fordi mannen var vand med å ha den avgjerande kontrollen. Sjølv om han var positiv til å gje ho ei utdanning, er overgangen frå å ha mykje autoritet, til å praktisere likestilling blant kjønna stor.

Då Paula fortalde meg korleis eit ekteskap fungerer i Zambia, la ho vekt på at kvinner alltid blir ein del av mannen sin familie når dei giftar seg. I kontrast til dette, synar undersøkinga til Eloundou-Enyegue og Calvès (2006) at det er 57.4% sjanse for at ein primært har kontakt med kvinna sin familie. Kan dette gapet ha noko med lagdelinga å gjere? Utvalet i undersøkinga er tilfeldig, og ikkje med omsyn til sosial status (Eloundou-Enyegue og Calvès, 2006). Dette får meg til tenkje korleis resultatet hadde blitt dersom utvalet hadde blitt valt i forhold til rangering i samfunnet. Denne delen av undersøkinga blei utført i Kamerun. Slik eg forstår det, ligg mange land i Afrika på lik linje når det gjeld utvikling. Eg kjem ikkje til å generalisere, fordi mi tolking er

at alle samfunn er ulike, og sjølv om eit samfunn er tradisjonelt, treng det ikkje nødvendigvis ha dei same verdiane og haldningane.

Når ein gifta seg i Zambia, stadfesta Susan at ein dannar sin eigen familie. Som tidlegare nemnd, kan det verke som Susan har mykje autonomi både i ekteskapet og i sosiale samanhengar. Dei to kvinnene har svært ulikt syn på ekteskapet, og eg tolkar det slik at det hierarkiske skilje er ei dominerande årsak til dette. Susan kjem frå høgare sosialt lag, og det er mykje som tyder på at ho lever eit meir moderne liv enn kva Paula gjer. Etter mi forståing er Zambia eit tradisjonelt samfunn. Dersom det er slik at deler av befolkninga lever etter meir moderne haldningar, må dei framleis respektere dei normene som står sterkt i samfunnet og kulturen.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på kvinner si rolle i den zambiske familien. Eg har lagt vekt på utdanning, undertrykking og autonomi, for å finne ut om kvinner i høgare sosiale lag lever med meir moderne haldningar, enn kvinner i lågare sosiale lag.

Etter mi forståing er Zambia eit utviklingsland. Dette gjer at utdanning blant kvinner bare blir meir og meir vanleg. Gjennom utdanning blir kvinna sin posisjon i samfunnet forsterka. Dette er ein avgjerande faktor for at kvinner i høgare sosiale lag, kan leve med meir moderne haldningar. Kvinner i arbeidarklassen lever nok med meir tradisjonelle haldningar enn kva kvinner i middel- og overklassen gjer. Dette kjem av manglande ressursar og kunnskap om resten av verda. Likevel er det nokre moderne tankar som går att hos alle informantane mine. Dette er blant anna kunnskapen om at utdanning er viktig. Likestilling er også sentralt i det moderne samfunn (Schieffloe, 2011). Både Helen og Susan praktiserte dette, men etter mi forståing hadde det ikkje vore like lett for Helen dersom ho framleis var gift.

For meg seg det ut som kvinner i stor grad, lever med ulik omfang moderne haldningar i Zambia. Det er ikkje å leggje skjul på at denne påstanden både har blitt avkrefta, og bekrefta i denne oppgåve. Likevel kan ein sjå at i den store samheng, er tradisjonelle haldningar mest dominerande i lågare samfunnslag, medan moderne handlingar dominerer høgare samfunnslag.

Sjølv om nokre kvinner i Zambia har ein meir moderne tankegong enn andre, betyr ikkje dette at Zambia er eit moderne samfunn. Kvinnene i over-og middelklassen må framleis respektere tradisjonelle samfunnsnormer som gjeld i kulturen. Dette har eg også fått inntrykk av at dei gjer.

7.0 Kjelder

Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker: innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal.

Eloundou- Enyegue, P. M., Calvés, A. E. (2006). *Till marriage do us part: Education and Remittances from Married women in Africa*. Comparative Education review. Vol. 50. No 1 (February 2006), pp. 1-20.

Freire, P. (2009). *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal.

Giddens, A. (2011). *Modernitet og selvidentitet*. København: Hans Reitzels Forlag.

Inglehart, R., Baker, W. E. (2012). *Modernization, Cultural change, and the persistence of traditional values*. American sociological review, Vol. 65. No. 1, looking forward, looking back: continuity and change at the turn of the millenium (Feb. 2000), pp. 19-51

Jareg, K., & Pettersen, Z. (2006). *Tolk og tolkbruker: to sider av samme sak*. Bergen: Fagbokforlaget.

Jensen, P. (2009). *Ansikt til ansikt*. Oslo. Gyldendal.

Johannesen, A., Tufte, P. A., Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Lindbekk, T. (2001). *Sammfunnsteori: Fra Marx til Giddens*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn: innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Taylor, S. D. (2006). *Culture and Customs of Zambia*. London: Greenwood press.

Tjora, A. (2011). *Kvalitativ forskningsmetoder: i praksis*. Oslo: Gyldendal.

Weber, M. (1987). *Rationality and modernity*.